

Referat frå møte i kunstkomiteen for (nye) Voss gymnas

3. oktober 2017 kl.10.15 – ca 14.00

Stad: Voss gymnas

Til stades: Petra Rahm (kunstfagleg prosjektleiar), Rakel Marøy (Voss husflidsskule), Tone Stedal Haugland (HFK Kultur- og idrettsavd, og referent) og Gunnar Hemre Ringheim (HFK Eigedomsseksjonen), Merete Hauge (HFK Eigedomsseksjonen), Unn Fauskanger(observatør). Sara Rykke Mandelid (elevrepr) og Per Højgaard Nielsen (arkitekt) meldde forfall.

- Godkjenning av innkalling og referat - ingen merknader

2. Samlinga

Rakel, Petra (og Sarah Jost) har no hengt opp (nyrestaurert) kunst frå dei gamle skulane på utvalde stader rundt i heile den nye skulen. Møtet starta med synfaring på dette. Komiteen er svært fornøyd med dette arbeidet.

Det er kome fram ein del kunst som ikkje tidlegare har vore registrert, denne må registrerast. Det må også sjåast på korleis dei ulike verka skal skiltast. På dei mindre verka som heng i saman vert det noko mykje med eit skilt for kvart biletet.

Det er sett av midlar i budsjettet til å supplere den gamle samlinga. Det er no omlag 100 000 igjen på budsjettet til dette. Komiteen har i førre møte vedteke at noko av dette skal veljast ut av elevar ved avstemming. Etter å ha diskutert dette nærmere er komiteen komen fram til at komiteen vel kunstnarar, mens elevar ved Kunst, design og handverk er med i prosessen for kva biletet/verk av desse som skal veljast og setjast saman.

Innkjøp til å supplere samlinga

Komiteen gjekk igjennom følgjande kunstnarar som aktuelle for innkjøp
Sveinung Iversen (serie med 9? som kan vere aktuelle på trevegg i 2. etg)
Vanessa Van Vlerken (evt på «heisboksane» i kvar etg)
Silje Solvi – fotoserie
Lars Korff Lofthus – m.a. foto
Els Geelen – måleri
Win Van der Toorn
Kai Arne Kirkebø
Susanna Kajermo Törner – teikning

Komiteen ønskjer å kjøpe inn verk av Sveinung Iversen og Vanessa Van Vlerken. Rakel og Petra får fullmakt til å vidare - saman med elevar - velge ut verk frå desse kunstnarane innan budsjettetramma.

Ang. møblering

Som referert i førre møte har komiteen vore overraska over møbleringa i kantina, då den var ulik slik det vart presentert i tidlegare framlagte teikningar og planar, og difor ikkje spelte saman med kunsten slik det var tenkt. Komiteen håper at noko av dette kan verte løyst gjennom ommøblering på huset.

På grunn av desse erfaringane vil komiteen oppmoda til auka bruk av interiørarkitekt for å oppnå heilskaplig og best mogleg resultat der arkitektur, innreiing, møblering og kunst kan spela saman.

Eventuelt/vidare

Må følges opp: «Wallwashere» på Smelværs biletet og meir lys i «Gladiatorgangen», (nokre fleire av dei lampene som allereie er i taket i gangen). Gunnar tingar

Hilde Hauan Johnsen skal levere skisseforslaget sitt til gymsalveggen 7.desember. Vi tek neste komitémøte nokså umiddelbart etter dette. (Red. merknad; leveringsfrist utsett – dvs også at neste komitémøte vert i januar).